

# Kyrkjeblad for Fjaler

NR.2 AUGUST 2025

83. ÅRGANG

## Bispevisitas

9.-11. og 14. september

Foto: Den norske kirke, Kirkerådet

# I same båt

Kvart år har vi gudsteneste der vi har fokus på skaparverket. Kvifor har vi det? Fordi vi lever i skaparverket heile tida, vi er avhengig av det, vi er ein del av det. Vi menneske er jo sjølv skaparverk.

På Bibelens første sider står det at Gud skapte himmelen og jorda, alt liv som veks, dyr og plantar. Og han skapte menneska.

Evangelisten Markus (Mark4,35-41) fortel om då Jesus og læresveinane legg ut på Genesaretsjøen og dreg over til hi sida.

Mens dei er i båten blir dei overraska av ein storm. Alle som har vore ved Genesaretsjøen veit at denne innsjøen ligg 200 meter under havets nivå og det er fjell som omkransar sjøen. Kastevindane kan komme svært fort. I løpet av kort tid kan det blåse opp til ganske kraftig sjø.

Dei blei overrumpla av ein kvervelvind, og båten begynte å fyllast med vatn. Det var kritisk. Læresveinane blei redde. Jesus sov. Han sov til og med på ei pute.

Læresveinane vekkjer han med spørsmålet: Bryr du deg ikkje om at vi går under? Då reiser Jesus seg og befaler vinden og bølgjene. Det blir stille. Det er ikke berre vinden som

stilnar. Læresveinane også. Dei blir gripne av stor frykt. Kven er han? Både vinden og sjøen lyder han. Bryr du deg ikkje om at vi går under? Jesus brydde seg.

Det er ikkje berre vi som lever – her i vakre i Norge. Det er også menneske rundt i den store verda. Det er skaparverket.

Jesus og læresveinane var i same båt. Alle som lever i verda er også på ein måte i same båt, og det har begynt å storme meir enn før. Og eg lurer på: Kva gjer Gud, eigentleg?

Bryr han seg ikkje? Søv han? Ser han ikkje at det går dårlig?

Sjøen skolar over nokon sine land, over nokon sine hus. Havet stig. Det er storm, og orkanar. Meteorologane spår varmare somrar enn før. Er framtidia i Guds hender eller i våre hender? Kan vi hjelpe Gud?

Kirkens Nødhjelp hjelper menneske rundt i verda med å lære dei å skaffe drikkevatn sjølv, dyrke og plante skog.

Alle som bur i verda er i same båt i den forstand at vi er avhengige av kvarandre.

Vi i Norge siglar som oftast i roleg farvatn mens vi veit at andre siglar i



mot vind og storm. Havet reiser seg mot dei og deira livsgrunnlag. Nyttar det å gjere noko? Kan eg truge vind og bølgjer?

Vi må ikkje gje opp håpet. Vi må alle hjelpe til. Saman kan vi!

Bryr du deg ikkje om at vi går under, spurte læresveinane? I dag er det ikkje læresveinane som spør, det er våre brør og søstrer i verda som ropar ut si fortviling. Bryr du deg ikkje om at vi går under?

Kva svarar vi på det? Ingen kan gjere alt, men alle kan gjere noko. Styrken ligg i fellesskapet – at kvar einskilt bidreg. Men det er at vi er saman som gir oss moglegheiter. Verda treng oss, kvar einskild og – alle. Vi må ta vare på Skaparverket – saman!

**Knut Arne Kummeneje**

## ALVÆRVIK CONTAINERSERVICE AS

- Containerutleige 8 m<sup>3</sup> – 35 m<sup>3</sup>
- Vi tar på oss alt av transportoppdrag
- Vi hentar alt av stålskrap

# 90 20 11 00

CONTAINERUTLEIGE • rune.container@gmail.com



## Velkommen til fredskonserten



Eline Sundal

Søndag 21. september kl. 19.00 i Dale kyrkje vert det fredskonsert med Eline Sundal som spelar cello, syng og lager vakker musikk med glas fylt med ulike mengder med vatn. Mark Taylor medverkar også saman med Eline og åleine på orgel og piano. Gratis inngang, men kollektien ved utgangen vil gå til ei god sak som passar med konsertens tema - fred. Vel møtt!



Mark Taylor

## Stå opp - felles klimamarkering



Den norske kyrkja har sluttat seg til stormarkeringa "Stå opp", ei nasjonal mobilisering som krev handling for klima og natur. Den 30. august vil det vere markeringar fleire stadar i landet. Kravet er at partia og politikarane som stiller til val, tek ansvar og handlar, og dermed bidreg til eit leveleg klima her på jorda.

## Gud skapar i ny truedkjennung

I Kyrkjemøtet fekk den nynorske versjonen av den apostoliske truedkjennung ei lita, men symbolisk viktig endring. Der det tidlegare stod «Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord», seier vi no: «Eg trur på Gud Fader, den allmektige, skapar av himmel og jord». Endringa er gjort for å få fram det tidmessige at Gud skapte ikkje berre den gong, men Gud er skapar av himmel og jord også i dag. Guds verk skjer framleis – også i vår tid.



## Vårkonsert

Vårkonserten til Cantus i Dale kyrkje markerte slutten på tida til Anne Marte Ospedal Haugen i koret og Fjaler. Knut Arne takka henne for tre års virke. Ho har vore solist ved mange høve, mellom anna på konserter og i gudstenesta 17. mai. Og skulle ho finne på å komme igjen, er ho velkommen!



### Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne.

Kyrkjeverja formidlar kontakt med Allan Nogva  
Som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt på tlf. 405 09 452.

## Annonseplass i kyrkjebladet

Ynskjer du og bedrifa di å annonsera i kyrkjebladet? Fjaler sokn sitt kyrkjeblad kjem ut 3 gongar i året, til påske, eit sommarnummer og til jul, og blir distribuert til alle husstandar i soknet.

Storlek ¼ side kr. 1000,- pr blad – kr. 3000,- for alle tre. Ta kontakt med kyrkjekontoret for info.: 405 09 452

## BLADPENGAR – GÅVE TIL KYRKJEBLADET

Frivillig abonnementspris kr. 300,-  
Bankkontonr.: 3741.20.73135.  
Vippsummer: 557133

Du kan betale for kyrkjebladet med



Frivillig abonnementspris kr. 300,-

# Bispevisitas i Fjaler

## 9.-11. september og 14. september



Biskop Ragnhild Jepsen. Foto: Den norske kirke, kirkerådet

Sist det var bispevisitas i Fjaler var i 2011, og dåverande biskop Halvor Nordhaug besøkte dette året Fjaler 26.–27. oktober med visitasgudsteneste 30. oktober. Visitasgudstenesta var i Sande kyrkje, og visitasen omfatta både Fjaler og Gauldal og var eit samarbeidsprosjekt mellom desse to sokna.

Denne gongen har Fjaler visitasen åleine. Det er biskop Ragnhild Jepsen som visitterer soknet og kyrkjelydane. Tysdag 9. september har biskop Ragnhild møte med kommunaleiinga, er med på andakt på sjukeheimen, samt deltek på salmegudsteneste i Folkestad kapell. Onsdag 10. september besøker biskopen United World College og møter elevar og tilsette der. Seinare på dagen blir det omvising i Guddal kyrkje der det blir fortalt om historia til kyrkja i Guddal og uteområdet, mellom anna myrgravene rundt kyrkja. Etterpå er det samrådingsmøte for sokneråd og frivillege.

Torsdag 11. september vil biskopen møte kommunestyret, og etter det delta i spørjetime på Dingemoen skule. Alle på 10. årssteg vil møte biskopen til samtale og spørsmål. Seinare på dagen deltek biskop Ragnhild i panelsamtale på Teaterfestivalen.

Visitasen blir avslutta søndag 14. september kl 11.00 med visitasgudsteneste, visitasforedrag og måltid.

### Eit utdrag av programmet under bispevisitasen Tysdag 9.9.

- |       |   |
|-------|---|
| 14.15 | Møte med kommunaleiing, kommunehuset                  |
| 17.00 | Andakt Fjaler sjukeheim.                              |
| 19.00 | Salmegudsteneste Folkestad bedehuskapell, kyrkjekaffi |

### Onsdag 10.9.

- |       |                                       |
|-------|---------------------------------------|
| 11.00 | Møte med United World College         |
| 14.00 | Omvising i Guddal kyrkje              |
| 17.00 | Samrådingsmøte sokneråd og frivillege |

### Torsdag 11.9.

- |       |   |
|-------|---|
| 09.00 | Biskop møter kommunestyret i Fjaler                             |
| 10.00 | Biskop møter 10. årssteg på Dingemoen skule til spørjetime etc. |
| 15.00 | Panelamtale Teaterfestivalen der biskop Ragnhild deltek         |
| 16.30 | Tidebøn i kyrkja  |

### Søndag 14.9.

- |       |  |
|-------|--|
| 11.00 | Visitasgudsteneste i Dale kyrkje<br>Kyrkjekaffi og varm lunsj på Ljosheim etter gudstenesta. |
|-------|--|

# Grøn kyrkje

## Haustens jaktsesongen

Jakt er ein måte å forvalte Guds skaparverk på ein ansvarleg måte. Då er det naturleg å leggje haustens jaktsesong fram for Gud og takke for at vi får hauste av det naturen gjev. Jegerar kan også oppleve eit møte med Gud i naturen, han som vi trur skapte himmel og jord.

Gjennom tida, har menneske brukt dyr vi jakter på som metaforar for å uttrykke trua si. Eit døme er Korah-songarane i bibelen som starta Salme 42 ved å syngja:  
*Som hjorten lengtar etter bekker med vatn, lengtar mi sjel etter deg, min Gud.*

Eller som gjendikta i salmeboka vår av Martin Nystrom i salme 388:  
*Som ein hjort lengtar etter vatn eg lengtar etter deg.*



Jaktbu med utsikt til kyrkja.

Gud har skapt verda vår med alt liv og gitt oss i oppdrag å ta vare på det skapte med glede og ansvar. Slik står det i Davidssalme 8:

*5 Kva er då eit menneske –  
at du hugsar på det,  
eit menneskebarn – at du tek deg  
av det?*

*6 Du sette han lite lågare enn  
Gud og krona han med herlegdom  
og ære.*

*7 Du sette han til herre over det  
dine hender har skapt, alt la du  
under hans føter:*

*8 småfe og storfe i samla flokk,  
dei ville dyra på marka,  
9 fuglane under himmelen og fiskane*



*i havet, alt som ferdast på havsens  
stigar.*

*10 Herre, vår herre, kor herleg ditt  
namn er over heile jorda!*

MT

## Bøn frå «Jeger-otte»,

Vinger i Hedmark v. Knut Kind frå Grønn Kirkebok:

Herre, vi ber for jakttida som vi nå er inne i;  
om varsomhet i vår omgang med dyra og naturen.  
om varsomhet i vår omgang med hverandre.

Vi ber om at ingen ulykke rammer oss med vådeskudd  
eller at dyre blir skadeskutt og lider unødig.

Herre, gjør hender og blikk klare, faste og sikre.  
Takk for at vi år etter år får delta i jakta med lyst, glede og ansvar.  
Takk for slektskapet med alt du har skapt.

Herre, gi oss kjærighet og ansvar for jorden, naturen, dyra og hverandre.  
Vi ber deg, Herre: hold din vernende hånd over bygda vår, over hjem og familier.  
Velsign oss alle i Faderens og Sønnens og Den Hellige Ånds namn. Amen.

## Sunnfjord Gravferdsbyrå



Vi vil på beste måte hjelpe  
dykk som pårørande,  
med alt som høyrer ei  
verdig gravferd til.

Blomsterørget AS · Dale Sentrum · 6963 Dale i Sunnfjord  
Telefon 57 73 98 00 · Mobil 975 21 569

## Konfirmantar 2024



Fotograf: Emilie Høyvik Hjartholm

### Dale

**Konfirmantane i alfabetisk rekkefølge:** Nora Alværen, Liam Solvik Bakkebø, Linus Sandtorv Berg, Miriam Fossen Genberg, Ragnhild Högseth Felde, Vetle Hermansen Flekke, Tiril Helle, Lea Vagstad Hellebust, Hannah Marie Solheim Hillersøy, Mathias Viken Hjellbrekke, Aksel Guddal Hovland, Mina Ness Igelkjøn, Sanna Ulvatne Igelkjøn, Espen Myklebust, John Senkin Myklebust, Axel Bjørvik Myklebust, Mathilde Antonie Løveng Myklebust, Martin Halveg Nistad, Magnus Mundal Nistad, Kairon Sande Rennestraum, Aksel Søderstrøm Risting, Elvira Sagevik, Johannes Pil Prestøy Sandsund, Nicolas Simonsen, Sanne Kyrkjebø Solheim, Valentin Rørvik Solheim, Marte Sørland Solheim, Noah Stenseth, Jesper Mulhearn Søgnen, Oliver Valvik, Normann Åsnes Yndestad, Jan Sigurd Øen.

Foto: Emilie Høyvik Hjartholm



### Folkestad kapell

Bak frå venstre: Nikolai Skaar, Peder Fretland, Anton Ulvik Fristad, Tijan Olai Stølen, sokneprest Knut Arne Kummeneje.  
Framme frå venstre: Emilie Nordnes, Henriette Sofie Strømberg.

### Folkestad kapell

Frå venstre: Sokneprest Knut Arne Kummeneje, Leander Kjøsnes Storøy.



### Guddal kyrkje

Frå venstre: Kristian Heggheim Møller, Adelheid Guddal, sokneprest Knut Arne Kummeneje, Ole Martin Mandelid Sandøy, Sindre Boge

# Eit godt hus å samlast om



Det har vore fleire store og viktige samlingar i Folkestad. Dette bildet er frå 2023, då den einaste presteordinasjonen så langt, og til overmål ein lokal ordinand, fann stad. F.v. ordførar Kjetil Felde, sokneprest i Kinn Erling Nydal, kapellan Knut Nordeide, kantor Mark Taylor, sokneprest Knut Arne Kummeneje, universitetslektor på Menighetsfakultetet Birgitte Sødal Tveito, ordinand Eirik Baug Barsnes, biskop Raghild Jepsen (hennar første ordinasjon) og prost i Sunnfjord Knut Magne Nesse. Dei to attanfor er studiekameratar til Eirik, Simen Heggelund Knudsen t.v. og Simon Eikill.

## Atle Lyngstad Ness

Det som no heiter Folkestad bedehuskapell vart i si tid bygt mest fordi synnfjordingane skulle sleppe å ha sjøen som kyrkjeveg, enten dei hørde til Vilnes på Atløy eller Askvoll kyrkje.

Alt i 1901 tok soknestyret i Askvoll opp saka, men først i 1913 stod bedehuset ferdig. Første plasseringa var tenkt ein kilometer lenger sør, i Folkestad. Men den tomta som vart vald, ligg meir midt i Våge krins.

Gerhard Folkestad var byggmeister, og han tok 860 kroner for å reise bygningen. Indremisjonen og Det norske Misjonsselskap var formelt eigarar, men heile krinsen sluttar opp

både med pengegåver og dugnad. Ein sum kom også frå personar som utvandra frå krinsen til Amerika sist på 1800-talet.

Første tida var den kyrkjelege bruken mest avgrensa til gravferder, men i 1940 vart det tilbygt ein kordel, og huset vigsla til kyrkjeleg bruk av biskop Andreas Fleischer. Gerhard'n var byggmeister no óg.

Før tyskarane tvangsbrukte huset frå 1942 til 1944, vart altertavle, alterring og døypefont teke ut, men hærmakta etterlet huset i ein sorgjeleg forfatning. Kordelen hadde dei nytta til smie. Alle golva måtte skiftast. Men bygdefolket gjekk på med krum hals og fekk gudshuset i stand att. I 1956 var ei bedehusforeining skipa. Dei tok



På siste årsmøtet vart desse to takka for lang og trufast innsats i styret, minst ein mannsalder, Ruth Skår og Ivar Haugen, han også som kasserar.

på seg å skaffe pengar til huset, noko dei har greidd godt til no.

I 1983 vart tilbygget teke i bruk med stor festivitas og mange

prominensar på gjestelista. (Nokre bille frå den dagen på ei anna side). For nokre år sidan kom det også på plass reiskapshus og betre arbeidsvilkår for kyrkjebedehusarbeider. I 2019 vart det montert automatiske ringjeanlegg, støtta av kommunen og Sparebankstiftinga Fjaler, men også med stor lokal innsats. Igjen. Så både medan dei høyrd til Askvoll kommune, og sidan 1990 som del av Fjaler kommune, har folket i Våge krins gjort meir enn dei fleste for å heile tida ha eit tenleg hus til kyrklege samlingar og elles.

I bedehuskapellet er det gudsteneste om lag ein gong i månaden. Kjellarhøgda er også nytta til åremålsdagar, konfirmasjonar og andre samlingar i privat regi. Og sjølsagt har bedehusforeininga basarane sine her og får inntekter til huset. Dei har ytt viktige bidrag m.a. til orgel og utbetringar på ymse vis undervegs.

Med mange som har gjort mykje, er det «farleg» å nemne namn, men Randi Frelund har i mange år lagt ned ein svært stor innsats. Elise Losnegård og Dagny Einen, som no er borte, blir også nemnde mellom dei mest aktive. Pluss alle som har vore med og hjelpt til på dugnad med maling, anna vedlikehald, vask og tillaging til hyggjelege samvære. Fasit: Av mange, for alle!



Desse er med i bedehusforeininga no: f.v. Randi Frelund, Laila Folkestad, Turi Aralden, Arnhild Lammetun, Judith Våge, Bjørg Herland og Sylvi Folkestad.



Her er tre av fire i det nye styret, f.h. Randi Frelund, Konrad Furset og styreleiar Kjetil Fristad. Daniel Holstad er også med. Aud Torhill Våge Haugstad er med i valnemnda.

- Å gjøre en forskjell for andre føles godt.  
Frivillig i Kirkens SOS

KIRKENES  
SOS

Vi trenger flere frivillige.  
Bli en av oss.

[kirkens-sos.no/frivillig](http://kirkens-sos.no/frivillig)

# Tilbygg til 600.000 kroner

Atle Lyngstad Ness, foto Firda

Etter imponerende dugnadsinnsats, store pengegåver og mykke papirarbeid kunne tilbygget til det 70 år gamle bedehuskapellet i Folkestad takast i bruk i august 1983. Alf Apalseth var arkitekt, og prislappen enda på rundt 600.000 kroner. Vel 500 sekkar sement gjekk med.




*Byggjenemnda hadde mykke arbeid og kom ikke heilt i mål økonomisk før innviinga. F.v. Kjell Skår, kasserar Ivar Haugen, Nils Losnegård og Trygve Hovland.*

Over 200 var med på festgudstenesta, som gav 10.010 kroner i offer og 3.800 kroner i matsal. Indremisjonen og Det norske misjonsselskap var formelt eigarar, med to representantar kvar i styret, fram til bygda vart eineeigar for eitt års tid sidan.



*Her ser vi bedehuset slik det var fra 1913, og tilbygget som er under arbeid 70 år seinare.*



*Prestestanden var godt representert under innviinga. F.v. Jan Ulveseth, krinssekr. i NMS, Kåre Knudsen, sokneprest i Askvoll, Anders Myklebust, prost i Sunnfjord og tidlegare sokneprest i Askvoll, Kåre Mestad, sokneprest i Fjaler, biskop i Bjørgvin, Thor With, og Bjørnulv Lunde, Dalsfjord og Bremanger Indremisjon.*



Matsalen var fullsett etter festgudstenesta, og som så ofte stod det driftige kvinne- og familielaget for førebuing og gjennomføring. F.v. Judith Våge, Aud Einen, Eli Aas, Randi Frelend, Rønnaug Haugen, Judith Fristad, Nora Våge, Jorun Myhr, Ruth Skår, Maria Skår og Grethe Spord. Byggjeleiar Johannes Ryland i venstre bildekant.



Fure og Våge songlag, som ikke eksisterer lenger, har ofte vore med og gjeve gode bidrag til programmet i bedehuskapellet. Her under leiding av dirigent Lars Eikevik.




## Gravminner

Vi formidler Gravminner, Skrifttilføyelser,  
Oppussing og Montering.

Ta gjerne turen innom for råd og  
veiledning.

**Fagmiljø**

Vi holder til i Førde,  
Øyrane Senter 2.etg - Firdavegen 20  
Post@fagmiljo.no - Tlf: 57 72 10 60




## Knut Arne har vore her i 30 år - Den kule presten med gitar

18. juni 1995 vart Knut Arne Kummeneje innsett som kapellan i Fjaler. Hadde nokon sagt då at han skulle vere her framleis 18. juni 2025, hadde ingen trudd det. Ikkje han sjølv heller.

Atle Lyngstad Ness

- Nei, det var absolutt ikkje i mine tankar at eg skulle vere her som prest så lenge, seier Knut Arne utan heilt å kunne svare på kvifor det vart slik. Forklaringsa er samansett.

**Han liker seg** godt i Fjaler, og Fjaler liker han. Det er ingen som har ymta frampå om at «no må du ta å gje deg». Ikkje til han direkte, i alle fall. Så då blir det nokre år til på 61-åringen.

Lengst tenestetid av alle prestane i Fjaler etter reformasjonen har Lauritz Nilsen Krogh 1548-1614. 66 år er uslåeleg, men så vart han heile 105 år! Dei siste 400 åra har Petter Lorentz de Ferry Smith rekorden, med sine 36 år. Den kjem Knut Arne neppe heller til å slå, men om han held ut i to år til, kan klatre opp på bronsellassen og forvise Anders Johannessen Grytten til den sure fjerdelassen.

**31 år gammal** kom Knut Arne frå feltpresteneste på Terningmoen ved Elverum og slo seg ned i Dale saman med kona Gro, fødd Sollesnes og frå Jondal, og borna Camilla og Bjørnar, hadde han bak seg eit litt omflakkande liv. Han vart fødd i Oslo, men voks opp i Harstad. Før huslyden busette seg på Hamar, hadde dei eitt år i Singapore, og Knut Arne tok med seg eitt år på Concordia College i Minnesota.

Med utarbeidande foreldre, vart bestemora frå Sørøya i Finnmark



Knut Arne har to søstrer, den eldste Marit t.v. og Ingrid.



Slik tok Knut Arne seg ut palmesøndag 1966, knapt to år gammal.



Innsætingsgudstenesta 18. juni 1995 er eit godt minne. Her f.v. prost i Sunnfjord Sigurd Vengen, sokneprest Sigurd Wahl Sande, Knut Arne Kummeneje og sokneprest i Solund, Bjørn Magne Hansen.

ekstra viktig for Knut Arne. Ho flytta heim til dei då han var fire år og budde med dei livet ut. Ho var ein aktiv kristen, gjekk i kyrkja kvar søndag og tok han med på søndagsskulen. Ho brukte mykje godt all fritid i kristne lag og organisasjoner. Denne ueigennytige innsatsen sådde ein spire i barnebarnet. Han ville arbeide nær menneska rundt seg og gje dei noko positivt. Likevel var det først i USA-året

at det å bli prest framstod som eit godt livs- og yrkesval.

Attåt utdanning frå Menighetsfakultetet har han spedd på med både norsk, historie og psykologi. Tanken på å undervise streifa han i fall det å vere prest ikkje skulle bere heilt fram til pensjonistalderen.

**Som habil bussjåfør** vil han aldri bli arbeidslaus, all den stund det er skrikande behov for sjåførar.

– Eg begynte å køre buss i Oslo og Bærum i studietida og likte det godt. Så ein gong eg skulle leige buss til ein konfirmantur, vart eg spurde om eg ville vere tilkallingssjåfør her i Dale. Eg kunne eg ikkje svare på ståande fot, men etter å ha snakka med Gro, og ei søvnlaus natt, skunda eg meg ned att til Kjartan Bekken neste morgen og sa at viss tilbodet framleis stod ved lag, var svaret mitt JA. Sidan har det vorte ein del oppdrag, mest om morgonen før kontortid, og eg liker det, seier Knut Arne.

Han trur det er bra for prestetenesta å gjøre noko heilt anna av og til.

– Bussjåfør og prest er både motpolar og noko likt. Som bussjåfør har du



Det er nok lenge til førarlause bussar inntek Vassdalsvegen, så Knut Arne kan bu seg på å køre buss her ei stund til.

ei rute med start og slutt å førehalde deg til. Som prest er jobben eigentleg grenselaus. Du er aldri ferdig. Likskapen er at i begge yrka handlar det om å få folk trygt fram til målet, om det er lov å samanlikne ein bussstur Dale-Askvoll og ei heil livsreise slik, seier Knut Arne.

**I Fjaler når han** alle utan å måtte i båt. Men han har også vore tilsett i Askvoll, som spesialprest for barn og unge. I Balandet likte han seg spesielt godt, men båtturen dit ut var ikkje alltid ei solskinnstreise. Skyssen til ei lysmesse sit ekstra godt i minnet. Utan å dra samanlikninga med stormen på Genesaretsjøen for langt, var det utrikeleg med lyn og torden og «svarte natta». – Eg var glad då vi kom oss til kai i Værlandet og fekk køyre bil derifrå. Vidar Olset var trygg skysskar, så det enda godt, men eg likte meg slett ikkje, medgjev Knut Arne, som også har hatt ein del samarbeid med og gjort teneste i Gauland.

Når du er så lenge på ein plass, er kanskje største utfordinga at ikkje alt må bli rutine. Knut Arne liker å vere godt førebudd og har nok i periodar kjent på slitasje. Oppgåvene berre kjem, eller rettare sagt er der heile tida, så han kunne stundom ønskt seg meir tid til å tenke nytt og utviklande.

– Eg kunne sikkert ha vore flinkare til spørje og involvere fleire i arbeidet, men eg er «laga» litt slik det er lettare å gjøre det sjølv. Det å utfordre er nok ikkje mi sterkeste side. Men for all del, her har vore mange gode samarbeidarar i desse åra både i trusopplæring, konfirmantarbeid, kor, som tekstlesarar, kollegaer, i soknerådet og andre, seier Knut Arne.

**Dei kjøpte hus** hos kommunen i 2008. Det var eit pluss for heile familien, som no var skøytt på med Henrik og Martin. Dei ville unngå å flytte mykje så lenge borna var i skulealder. Ungane var aktive på ymse felt, og Knut Arne engasjerte seg som fotballtrenar. På måten følgde han dei opp, samstundes



Denne Yamaha XS 650 er ein 1977-modell, og i den ryddige garasjen liker Knut Arne å pusse og stelle og gjøre sykkelen klar til neste tur.



Denne BMW R1200GS er frå 2004, og den siste sykkelen Knut Arne kjøpte. Så langt.

som han heldt kontakten med sin egen lidenskap frå oppveksten som ein rask og hardtaklende sweeper på Trondenes IL. Persane på løp er forresten 11,9 på 100 m, 53,0 på 400 meter og 2.03,4 på 800 meter.

**Då han kom** vart Knut Arne presentert i Firda som bil- og fotballglad. Begge delar gjeld framleis. Likeeins lidenskapen for musikk. Han har ofte med seg gitaren, ikkje minst er den viktig i barne- og ungdomsarbeidet.

Tøft er det også for mange at presten kører motorsykkelen. Knut Arne har ikkje mindre enn to – begge av «edel årgang» for dei som har greie på slikt – ein Yamaha XS 650, 1977-modell, og ein BMW R1200GS, 2004-mod.

**Med avgrensa tid** blir det mest småturar, men han liker å pusse og stelle med syklane. Og han hugsar med glede overnattingsturen i Jotunheimen med Andreas Ramstad for åtte år sidan.

Småbåtførarprøva har han óg avgjort, og til liks med syklane og bilane tek han framleis godt vare på båten som han fekk til 14-årsdagen hos foreldra med 10-hestar motor på. Den ligg trygt på «prestepplassen» i småbåthamna og gav han billett til oppdraget som kasserar i Dale båteigarlag.



Den mest orginale og forsegjorte bursdagsgåva Knut Arne har fått i Fjaler er nok denne marsipansalmeboka som han fekk til 50-årsdagen hos russiske Anna Proskurnina i Askvoll.



*Gitaren er aldri langt vekke, og stundom med i gudstenester og andre samvær.*

Sjølv vart Knut Arne ordinert i domkyrkja i Oslo, saman med fire andre. For to år sidan fekk han vere med på ordinasjonen til Eirik Baug Barsnes i Folkestad. Då sa Eirik at Knut Arne hadde vore eit ideal for han, som kult prest med gitar. Kjekt å ta med seg, det!

**Ragnhild Jepsen** stod for ordinasjonen, den første ho hadde som biskop i Bjørgvin i neste månad kjem ho att på visitas. Tidlegare har Knut Arne hatt både Ole D. Hagesæther og Halvor Nordhaug på visitas.

Når du har vore lenge på ein stad møter du gjerne deg sjølv i døra på eit vis. Så også med Knut Arne. Han døypte dei to første borna, Oline Lindelid og Eivor Flekke, i hausttakkegudstenesta 24. september 1995. No har han for lengst konfirmert dei begge, og døypte deira born igjen, Jens og My. Utan at han følte seg velkommen og ivareteken i Fjaler, hadde han nok ikkje vorte her så lenge.



Dei to første dåpsborna til Knut Arne i Fjaler 24. september 1995, var Oline Lindelid og Eivor Flekke. No har dei sjølv blitt mødrar, og Knut Arne døypte My Lindelid Hatlevik t.v. jonsoktaftan i 2024, og Jens Myklebust Flekke 25. august 2023. Han har også døypt to av sine tre barneborn i Dale kyrkje, Falk og Vilje Kummeneje Risstad.

# DITT KYRKJEKOR TRENG DEG!

Semesterplanar for alle kora kan lesast på **Kor - Fjaler sokn (kirken.no)**

## **Ungdomskoret**

For ungdom frå 7. klasser oppover.  
Øvingar måndagar kl. 14.30-15.00 i musikkrom 1  
på Dingemoen skule.  
Oppstart måndag 18. august. Vel møtt!

## **Guddalskoret**

For tida sju kvinner - eit damekor for Guddal kyrkje,  
men folk av begge kjønn i alle aldrar er hjarteleg  
velkommen.

Øvingar anna kvar tysdag (partalveker)  
kl. 15.20-16.20 i Guddal kyrkje.  
Oppstart tysdag 19. august. Vel møtt til  
songinteresserte guddølingar!

## **Dale barnekor**

For born (gutar og jenter) frå 3. til 6. klasse ved  
Dingemoen skule. Øvingar onsdagar kl. 14.30-15.00  
i foajeen på Dingemoen skule.

Vi syng i kyrkja og held konserter på sjukeheimen.  
Mogleg å reise på kortreff i regi av Ung Kyrkjesong.  
Oppstart onsdag 20. august. Vel møtt!

## **Cantus – vaksenkoret i Dale kyrkje**

Liker du å syngja? 18 år eller eldre? Då er Cantus for deg. Vi har for tida 18 songarar, men vil ha fleire, både kvinner og menn. Vi har det sosialt og gleder oss til øvingsdagen laurdag 23. august på Ljosheim med middag og kaffi. Vi syng eit variert repertoar som inkluderer songar med tekstar av Jakob Sande, irske folketonar som Danny Boy og julesongar, to av dei i samarbeid med Dekor i den store julekonserten. Øvingar onsdagar kl. 20.00-21.30 på Ljosheim i Dale - OPPSTART: onsdag 20. august.

Gi dirigent Mark Taylor beskjed innan 18. august om du vil vere med – så kan vi ha ei notemappe klar til deg. Epost: MT884@kyrkja.no, tlf.: 975 13 449.

MT



Frå vårkonserten til Cantus i Dale kyrkje. Foto: Atle Ness

# Velsignet være dere som på jorden feller tårer

Første søndagen i november er helgemessesøndag – ein festdag for dei truande som har gått framfor oss. Vi bruker festfargen kvitt og minnest dei som har gått bort sidan førre helgemessesøndag, men høyrer også om at vi som er fattige, svelt, græt og er forfølgt skal få ei stor løn i himmelen.

Salmen «Velsignet være» er skrive i 1998 av Sven Aasmundtveit (f. 1955), tidlegare leiar for både Frikyrkje sitt studiesenter og for AnamCara, eit keltisk inspirert økumenisk fellesskap.

Han fortel at arbeidet med «Velsignet være» starta med den vakre melodien til den irske folketonen «St. Columba» som i engelsktalande land er sungen til ei gjendikting av bibelsk salme 23: «The King of Love My Shepherd is.» Aasmundtveit ville skrive ein ny tekst med velsigning som hovudtema. Aasmundtveit fekk inspirasjon frå slettepreika i Lukas 6 der Jesus snakka til læresveinane direkte med orda

«Sæle de». Aasmundtveit begynner då kvart vers i salmen med «Velsignet være dere som» og reflekterer over Jesu ord som inneheld både utfordring, løfte og håp.

Vi er utfordra til å sjå dei fattige, mette dei svoltne, trøyste dei sorgjande og arbeide for fred og rettferd. Utfordringa til å tene nesten vår er ei velsigning. Denne velsigninga er Guds nåde som vi tek imot med opne hender i nattverden, ei nåde «som forblir når dette livet ender.»

Jesus kom ned frå eit fjell til folkemengda nede på ei slette – til vårt nivå. Jesus kom ned for å møte og hjelpe menneske der dei er – Gud med oss. Jesus erfarte sorg.

Han fekk inderleg medkjensle med enkja i Nain som gret og han vekte hennar son opp frå døden. Jesus tilgav syndene til kvinna som fukta føtene hans med tårene sine. Han

tilgav Peter som gret sårt då han fornekta Jesus. Jesus gret sjølv over byen Jerusalem, at folk der ikkje skjøna kva som tener til fred og då Jesus såg at Maria, Marta og folket i Betania gret, vart han oppskaka og opprørt i sitt indre. Jesus gret og vekte Lazarus opp frå dei døde.

Jesus sa i slettepreika: Sæle de som no græt! Det er eit ord til oss som akkurat no græt fordi vi har eit knust hjarte grunna sorg, sjukdom, ulukke, depresjon, skam, mobbing og andre vanskar og urett som vi opplever. Vi som «venter på den dag som gryr da ingen lenger sårer.»

MT

## Salme 743 Velsignet være dere som

1 Velsignet være dere som gir brød i tomme hender, som bruker ord og gjerning slik at fiender blir venner.

2 Velsignet være dere som gir rom for fred og nåde: ved milde ord og vennlig sinn lar kjærligheten råde.

3 Velsignet være dere som gir legedom og varme, lar Herrens fred få leverom, gir vennlighet mot harme.

4 Velsignet være dere som på jorden feller tårer, som venter på den dag som gryr da ingen lenger sårer.

5 Velsignet være dere som selv åpner deres hender for Herrens nåde som forblir når dette livet ender.



Foto: Pixabay

# VELKOMEN TIL KYRKJE

## Søndag 24. august

Folkestad kapell kl. 11.00: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon.

Guddal kyrkje kl. 14.00: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon. Guddalskoret deltek.

## Søndag 31. august

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon. Ungdomskoret syng.

## Tysdag 9. september

Folkestad kapell kl. 19.00: Salmegudsteneste med biskopen. Søstrene Våge syng. Kyrkjekaffi.

## Søndag 14. september

Dale kyrkje kl. 11.00: Visitasgudsteneste. Cantus, Dale barnekor, Guddalskoret og Ungdomskoret deltek. Kyrkjekaffi og varm lunsj på Ljosheim etter gudstenesta.

## Søndag 21. september

Folkestad kapell kl. 11.00: Familiegudsteneste. Hausttakkefest med dåpsskulen og utdeling av 6-årsboka.

Dale kyrkje kl. 19.00: Fredskonsert med Eline Sundal (cello, song, glas) og Mark Taylor (orgel, piano).

## Søndag 28. september

Dale kyrkje kl. 11.00: Familiegudsteneste. Hausttakkefest med dåpsskulen og utdeling av 6-årsboka. Dale barnekor.

Guddal kyrkje kl. 14.00: Familiegudsteneste. Hausttakkefest. Guddalskoret deltek.

## Søndag 19. oktober

Dale kyrkje kl. 11.00: Solidaritetsgudsteneste med konfirmantane og Ungdomskoret for TV-aksjonen til Atlas-alliansen.

Guddal kyrkje kl. 14.00: Solidaritetsgudsteneste - TV-aksjon til Atlas-alliansen. Guddalskoret deltek.

## Søndag 26. oktober

Folkestad kapell kl. 11.00: Gudsteneste.

Vi har ein lang tradisjon i Fjaler med tekstlesarar i gudstenestene. Dette er ei særsviktig oppgåve.

Tekstlesaren les bibeltekstar og andre tekstar, og er ein viktig støttespelar for presten og kyrkjelyden. Viss du har lyst til å melde deg som tekstlesar, ta kontakt med kyrkjekontoret.

## Søndag 2. november

Dale kyrkje kl. 11.00: Helgemesse. Vi minnest våre døde frå heile Fjaler. Cantus deltek.

## Søndag 16. november

Dale kyrkje kl. 11.00: Familiegudsteneste. Utdeling av 4-årsboka. Dale barnekor deltek.

Guddal kyrkje kl. 14.00: Familiegudsteneste. Utdeling av 4-årsboka. Guddalskoret deltek.

## Søndag 23. november

Folkestad kapell kl. 11.00: Familiegudsteneste. Utdeling av 4-årsboka.

Straumsnes grennahus kl. 13.30: Gudsteneste. Kyrkjekaffi.

## Søndag 30. november

Dale kyrkje kl. 19.00: Lysmesse. Dale barnekor og konfirmantane deltek.

## Søndag 7. desember

Guddal kyrkje kl. 16.00: Lysmesse. Konfirmantane og Guddalskoret deltek.

Folkestad kapell kl. 19.00: Lysmesse. Konfirmantane deltek.

## Søndag 14. desember

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Ungdomskoret deltek.

Guddal kyrkje kl. 19.30: Julekonsert. Korsong v/ Guddalskoret, orgelmusikk v/ kantor Mark Taylor, allsong og ord for dagen. Kollekt til Fond for Kyrkjemusikk.

## Tysdag 16. desember

Dale kyrkje kl. 19.00: Den store julekonserten med lokale aktørar.

**Sjekk [www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no), [facebook.com/FjalerKyrkja](https://facebook.com/FjalerKyrkja)**  
**Eller sjå «Det skjer» i Firda på nett for oppdatert informasjon**

# I kyrkjelyden sidan sist

## Døypte

**Guddal**

01.06.25 Astrid Olava Engen-Aaland

**Dale**16.03.25 Elvira Leknes Løkkebø  
Miriam Fossen Genberg20.04.25 Ivi Åsnes Vesterås  
Noah Nordbotten Valvik  
Mathias Mortensbakke Øen27.04.25 Mille Madsen-Jørgensen  
Aslak Nøttveit Seilen  
Emilie Øksenbergsen Nilsen08.06.25 Emilio Solheim Grimelid  
03.08.25 Malene Sesinam Øverås  
Edvin Bjørnereim-  
Myklebust**Vigde****Guddal**31.05.25 Eirin Eldevik og Joakim Birkås Sleire  
07.06.25 Ellinor Leirpoll Espedal og Jan Bjarte Berge  
28.06.25 Else Mundal og Jan-Erik Solheim  
26.07.25 Heidi Kristin Leirvik og Johannes Peder Evensen**Døde****Dale**14.04.25 Knut Otto Jarstad  
02.05.25 Norbjørg Gerd Leirpoll  
09.05.25 Margunn Karin Skadal  
09.05.25 Julie Helene Haugsbø  
29.05.25 Kari Hovland Sæle  
22.05.25 Oddgeir Solheim  
11.06.25 Bjarne Tømmerbakke  
21.06.25 Joar Espedal  
29.07.25 Odd Bjarte Sølvberg  
30.07.25 Martin Olav Øveråsf. 1956  
f. 1937  
f. 1963  
f. 1928  
f. 1935  
f. 1969  
f. 1937  
f. 1938  
f. 1956  
f. 1943**Hellevik**17.05.25 Eli Olga Tiegs  
09.06.25 Finn Terje Pausf. 1949  
f. 1945**Folkestad**01.03.25 Birger Kjell Spord  
18.05.25 Hildur Nancy Folkestad  
31.07.25 Sverre Edvin Ask  
01.08.25 Norulv Stein Skårf. 1944  
f. 1933  
f. 1942  
f. 1935**facebook**Kyrkja i Fjaler er på Facebook:  
[www.facebook.com/FjalerKyrkja](https://www.facebook.com/FjalerKyrkja)Her finn du oppdatert informasjon om  
gudstenester, konserter, osv.Vi har også heimeside:  
[www.fjaler.kyrkja.no](http://www.fjaler.kyrkja.no)**Kyrkjeblad for Fjaler**

Kontonr. 3741 20 73135

**Bladpengar kr. 250 / 300 for året.****Redaktør:** Knut Arne Kummeneje og  
Hildegunn Helleset**Prent:** Printfarm AS[fjaler.kyrkjeblad@gmail.com](mailto:fjaler.kyrkjeblad@gmail.com)**Kyrkja i Fjaler**[www.kyrkja.no/fjaler](http://www.kyrkja.no/fjaler)

Fjaler sokn

Dalsvegen 105A

6963 Dale i Sunnfjord

Tlf. 40 50 94 52

post.fjaler@kyrkja.no

**Kyrkjekontoret er ope**Tysdag, onsdag og torsdag  
kl. 09.00–14.00**Tilsette med kontorplass:****Sokneprest Knut Arne Kummeneje**

mobil: 908 55 230

kk824@kyrkja.no

**Kyrkjeverje Kristin Kalstad**

jobb: 40 50 94 52

mobil: 917 15 126

kk636@kyrkja.no

**Kantor Mark Taylor**

jobb: 40 50 94 52, mobil: 975 13 449

mt884@kyrkja.no

Kantor har fri kvar torsdag

**Sekretær Hildegunn Helleset**

jobb: 40 50 94 52, mobil: 909 60 321

hh696@kyrkja.no

**Kyrkjetenarar:****Dale kyrkje**

Gravferd: Nadiia Vysochanska tlf.: 909 57965

Gudsteneste: Oddbjørn Bjordal tlf.: 482 49547

**Guddal kyrkje****Folkestad kapell**

Kontaktperson: Randi Fretland tlf.: 909 57 857

**Vedlikehald av Hellevik og Folkestad**

gravplassar Jostein Folkestad tlf.: 913 41493

**Fjaler sokneråd****Leiar Trude G Høgseth Felde** tlf: 992 84 351

Vipps #127523 Fjaler sokn

Vipps #557133 Fjaler kyrkjeblad

Vipps #616403 Fjaler kyrkjemusikk

Vipps #899129 Ljosheim


Kontonr. Fjaler sokn: 3741 07 14567

Kontonr. Ljosheim : 3741 20 36701



## INFORMASJON

Avsendar: Fjaler kyrkjekontor  
Dalstunet, Dalsvegen 105a  
6963 Dale i Sunnfjord



### VELKOMMEN TIL SOLIDARITETSGUDSTENESTE FOR TV-AKSJONEN 2025

## SØNDAG 19. OKTOBER KL. 11.00 I DALE KYRKJE

Årets TV-aksjon går til Atlas-alliansen og skal åpne dører for funksjonshemma som lever i krig og fattigdom. Saman skal vi gi naudhjelp, utdanning og moelegheit til eit betre liv.

1,3 milliardar menneske i verda har ein funksjonsnedsettelse. Mange av desse lever i fattigdom og har ikkje same tilgang til utdanning, helsehjelp og arbeid som andre. I krigs- og konfliktområder erlivet ekstra vanskeleg for funksjonshemma, og væpna konflikt fører til at fleire blir skadde. I Palestina risikerar ein heil generasjon born å vekse opp med alvorlege funksjonsnedsettelsar på grunn av krigen.

Pengane frå TV-aksjonen skal gå til skulegang, helsetenester og naudhjelp, samt hjelpemidlar som skulebøker med punktskrift, rullestolar og proteser. Vi skal gje 200 000 menneske med funksjonsnedsettelsar og familiene deira i Palestina, Ukraina, Etiopia, Nepal, Tanzania, Uganda og Zambia eit betre liv.